

Ettersending til kommunestyret 31.05.2018

PS 79/18 Samansetjing av fellesnemnda	s. 2
PS 80/18 Designvegen Sykkylven-Stryn – Økonomisk støtte til deltakelse i prosjekt	s. 6
OS 31/18 Bygningsmiljø og estetisk rettleiar	s. 11



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/1065

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr **Utval**
PS 79/18 Kommunestyret

Møtedato
31.05.2018

SAMANSETJING AV FELLESNEMNDA

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Notat Samansetjing av fellesnemnda

Krav om at spørsmålet om kven som skal gå inn i fellesnemnda etter Fride Sortehaug, vert lagt fram for kommunestyret til ny handsaming.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlagt notat frå administrasjonen og brev frå Volda Kristeleg Folkeparti, Volda Høgre og Volda Framstegsparti.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

NOTAT

Til: Ordfører Jørgen Amdam
Kommunestyret

Sak: Samansetjing av fellesnemnda

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1065	7062/2018	033	SVK/INGJOH	23.05.2018

SAMANSETJING AV FELLESNEMNDA

Fellesnemnda for Nye Volda kommune er sett saman av fem kommunestyrerepresentantar frå Hornindal kommune og fem frå Volda kommune, vald av kommunestyra i dei to kommunane.

Kommunestyregruppene for Volda Kristeleg Folkeparti, Volda Høgre og Volda Framstegsparti stiller spørsmål ved om val av nytt medlem til Fellesnemnda (KST sak 66/18) er i samsvar med inndelingsloven, i og med at den partimessige fordelinga ikkje er vektlagt ved val av ny representant. Etter vedtaket i KST sak 66/18 har Senterpartiet totalt fire av 10 representantar i fellesnemnda (to frå Volda og to frå Hornindal).

Kommunestyregruppene for KrF, H og FrP viser til § 26 i inndelingslova der det at «Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane...», og hevder at «det må kunne reisast sterk tvil om 40 % Senterparti-representasjon speglar innbyggjartalet i Volda (eller Nye Volda)».

Helge Mogstad hos fylkesmannen i Møre og Romsdal har i telefonsamtale i dag stadfesta inndelingslova refererer til *innbyggjartal* og ikkje den *partimessige* fordelinga av representantar i fellesnemnda. Det er fleirtalet i kommunestyret som avgjer kven som blir valt som Volda sine representantar i fellesnemnda. Vedtaket i KST sak 66/18 er såleis gyldig.

Dersom fleirtalet i kommunestyret ønsker å handsame saka på nytt, må saka først handsamast av valnemnda før den går vidare til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Rune Sjurgard
rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Ordførar Jørgen Amdam

Rådhuset i Volda

Volda den 22. april 2018

KRAV OM AT SPØRSMÅLET KVEN SOM SKAL GÅ INN SOM NYTT MEDLEM I FELLESNEMNDA FRÅ VOLDA ETTER FRIDE SORTEHAUG, VERT LAGT FRAM FOR KOMMUNESTYRET 31. MAI 2018. TIL NY HANDSAMING

Vi viser til sak PS 66/18 «Val av nye medlemmer i Fride Sortehaug sine verv i nemnder og utval», den 26.04.2018.

Før kommunestyret handsama saka, hadde Valnemnda fremma innstilling på kven som skulle gå inn i dei ulike nemnder/utval. – Under kommunestyret si handsaming av saka – etter at ny varaordførar var valt, greip dirigentbordet (avtroppande varaordførar og ordførar) inn og kravde at Valnemnda måtte møtast på nytt i det varaordførarvalet hadde gjort dette «nødvendig».

Det vi vil hevde er at det som då skjedde med omsyn til val av NYTT MEDLEM I FELLESNEMNDA ikkje er i samsvar med det Inndelingslova §26 seier om korleis denne nemnda bør vere samansett. Vi refererer frå denne paragrafen: ***Ved samanslåing av kommuner og fylkeskommuner og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane.....***

Ikkje i nokon av dei 2 møta Valnemnda hadde i samband med val av representant til Fellesnemnda etter Sortehaug, var dette «lovkravet» i §26 i Inndelingslova nemnt – noko det så absolutt skulle ha vore. Det var heller ikkje nemnt av ordføraren under handsaminga av saka i kommunestyremøtet.

Status etter valet som vart gjort, er at av Volda's 5 medlemmer i Fellesnemnda kjem no 2 medlemmer frå Volda Senterparti – dvs. 40% av medlemmene.

Vi vil vidare nemne at av Hornindal sine 5 medlemmer i Fellesnemnda har Senterpartiet der også 2 medlemmer. Senterpartiet har såleis samla i FELLESNEMNDA for Nye Volda, 40% av utvalsmedlemmene (4 medlemmer av 10).

Vi vil hevde at det må kunne reisast sterk tvil om 40% Senterparti-representasjon «speglar innbyggjartalet i Volda (eller Nye Volda)».

Etter valet av ny varaordførar, vil vi nok antyde at «møteleiinga tidvis vart noko andsleis enn vanleg».

Ordføraren og avtroppande varaordførar argumenterte for at den nye varaordføraren bør sitje i Fellesnemnda. Vi vil ikkje setje fram krav om korkje det eine eller andre her, men respekterer ordføraren sitt framsette synspunkt. Dette får Valnemnda/Kommunestyret avgjere – men vi viser til at dette vil kunne vere praktisk mogeleg ved at den nye varaordføraren tek Senterpartiet sin eine plass i nemnda. Vi vil her ikkje unnlata å nemne at Volda Høgre er den einaste kommunestyregruppa i Volda med 3 faste medlemmer i Volda kommunestyre, som ikkje har fast representant i Fellesnemnda. – ***Når det er sær VIKTIG at kommunestyret handsamar denne saka på nytt, så er det m.a. avdi FELLESNEMNDA vil ha funksjon og ansvar som «kommunestyre for Nye Volda» heilt***

fram til «det nye kommunestyret i Nye Volda er konstituert og i arbeid». Det er såleis VIKTIG at Fellesnemnda «speglar innbyggjarane best mogeleg».

Vi tykkjer ellers det er verdt å nemne overfor ordføraren at då vi opprinneleg i Volda valde medlemmer til Fellesnemnda, så drøfta vi oss fram til eit «avtaleval gjennomført som høvetalsval».

Vi krev no med heime i §32 i kommunelova at denne saka vert sett på saklista til kommunestyremøtet den 31. mai 2018. Kommunestyregruppene til KrF, H og FrP har i alt 13 av 27 representantar i Volda kommunestyre.

Med helsing frå

Volda Kristeleg Folkeparti – kommunestyregruppa – Margrete Bjerkvik, gruppeleiar

(sign.)

Volda Høgre – kommunestyregruppa - Dan Bjørneset, gruppeleiar

(sign.)

Volda Framstegsparti – kommunestyregruppa – Odd A. Folkestad

(sign.)



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal Arkivsak nr.: 2018/276
Arkivkode: 223

Utvalsaksnr Utval Møtedato
PS 80/18 Formannskapet

DESIGNVEGEN SYKKYLVEN-STRYN - ØKONOMISK STØTTE TIL DELTAGELSE I PROSJEKT

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til søknad frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Stryn og vedtek å støtte prosjektet med inntil kr. 90.000,-. Kommunestyret føreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune. Det vert også føresett halvårleg statusoppdatering på prosjektet.

Dekning: Omprioritering av midlar kontingent reiseliv 2018 kr. 90.000,- til tilskot «Designvegen».

Vedleggsliste:

1. Skriv frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 - Søknad om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Strvn

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Sykkylven Næringsutvikling AS søker i skriv d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet «Designvegen Sykkylven —Stryn». Rådmannen tilrår at kommunen gjev eit tilskot til prosjektet i form av eit eingongstilskot.

Saksopplysningar/fakta:

Sykkylven Næringsutvikling AS søker i skriv d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet «Designvegen Sykkylven —Stryn». Søknaden er på 30.000,- pr. år i 2018, 2019 og 2020 til saman kr. 90.000,- og skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i Volda Kommune i den tre årige prosjektfasen.

«Designvegen» er både kommune- og fylkesoverbyggande, og tek mål av seg til å skape aktivitetar som kan vere med å utvikle reiselivsbransjen vidare og promotere næringslivet langs fylkesveg 60 Aursnes til Stryn, med dei positive synergiane dette vil kunne gje. Prosjektet vil tilsette prosjektleiar i full stilling, administrert av Sykkylven Næringsutvikling AS for å jobbe og samarbeide med næringslivet langs ruta.

Styringsgruppa for prosjektet er tenkt vere samansett med representantar frå alle kommunane som er med på dette og som vidare skal vidareutvikle «Designvegen» reint strategisk som ein ny inngangsport til området.

Etter at den treårige prosjektfasen er over, tek ein sikte på at «Designvegen» kan etablerast som eit eige selskap.

Prosjektet har vore presentert for ordførar, rådmann og Sunnmøre kulturnæringshage og seinare orientert om i formannskapet.

Tilsvarande søknad er sendt Hornindal-, Stryn- og Stranda kommune. Det er og sendt søknad til både Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn- og Fjordane fylkeskommune.

Sykkylven Kommune har gått inn i prosjektet med kr. 830.000,- og Sykkylven handelsforeining med kr. 300.000,-.

Vurdering og konklusjon:

Som det går fram ovanfor har prosjektet vore presentert for ordførar, rådmann og Sunnmøre kulturnæringshage og seinare orientert om i formannskapet. Ein har forstått det slik at kommune har sett på dette som eit svært positivt engasjement for å bygge opp om styrke næringar langs fylkesveg 60 Aursnes til Stryn.

I samband med at Volda kommune no er i ein samanslåingsprosess med Hornindal og ein ser etter moglegheiter til å styrke eksisterande næringar og skape ny næring innanfor m.a. reiseliv t.d. gjennom prosjektet «ny næring på gamle tufter» vil eit samarbeid med dette prosjektet kunne gje god synergi.

Då prosjektet tek mål av seg til å *«skape aktivitetar som kan vere med å utvikle reiselivsbransjen vidare og promotere næringslivet langs fylkesveg 60 Aursnes til Stryn, med dei positive synergiane dette vil kunne gi.»* fell dette rett inn det arbeidet ein no har starta opp med og som ein tenkjer seg skal utvikle reiselivet i den nye kommunen.

Med det som bakgrunn vil eg tilrå at noko av midlane som i budsjettet for 2018 er avsett til reiselivskontingent i destinasjonsselskap vert omprioritert til å dekke kommunen sine kostnader med dette prosjektet. I staden for å løyve kr. 30.000,- pr. år i 3 år framover vil rådmannen tilrå at heile summen kr. 90.000,- vert løyvt i 2018. Rådmannen føreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Sykkylven Næringsutvikling AS
Sykkylven kommune
Stranda kommune
Hornindal kommune
Stryn kommune

PS 43/18 Designvegen Sykkylven-Stryn - økonomisk støtte til deltagelse i prosjekt

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til søknad frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Stryn og vedtek å støtte prosjektet med inntil kr. 90.000,-. Kommunestyret foreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune. Det vert også foresett halvårleg statusoppdatering på prosjektet.

Dekning: Omprioritering av midlar kontingent reiseliv 2018 kr. 90.000,- til tilskot «Designvegen».

Handsaming:


Røysting (ni røystefore):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til søknad frå Sykkylven Næringsutvikling AS d.s. 17.12.2017 om økonomisk støtte til deltaking i prosjektet Designvegen Sykkylven —Stryn og vedtek å støtte prosjektet med inntil kr. 90.000,-. Kommunestyret foreset at den økonomisk støtta skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i nye Volda Kommune. Det vert også foresett halvårleg statusoppdatering på prosjektet.

Dekning: Omprioritering av midlar kontingent reiseliv 2018 kr. 90.000,- til tilskot «Designvegen».





Sykkylven Næringsutvikling AS
Sykkylvsvegen 125
6230 Sykkylven

SKAPARGLEDE

Org.nr.: 954 739 651 MVA
Sykkylven 19.12.17.

Volda Kommune v/Jørgen Amdam, Ordfører

Søknad om økonomisk støtte til deltagelse i prosjektet Designvegen Sykkylven – Stryn

Vi viser til besøk frå Arne Hanssen tidligare i november der prosjektet Designvegen, vart presentert for ordfører, Sunnmøre kulturnæringshage og rådmann.

Designvegen er både kommune og fylkesoverbyggande, og tek mål av seg til å skape aktivitetar som kan vere med å utvikle reiselivsbransjen vidare og promotere næringslivet langs fylkesveg 60 Aursnes til Stryn, med dei positive synergiane dette vil kunne gi.

Det vil bli ansett prosjektleiar i full stilling, administrert av Sykkylven Næringsutvikling AS til å jobbe og samarbeide med næringslivet langs ruta.

Det vil verte oppretta ei styringsgruppe med representantar frå alle kommunane som er med på dette og som skal videreutvikle Designvegen reint strategisk som ein ny inngangsport til området.

Etter at den treårige prosjektfasen er over, tek ein sikte på at Designvegen kan etablerast som eige selskap.

Vi registrerte i møtet at Volda Kommune viste stor interesse for dette prosjektet, og vi sender herved etter avtale ein søknad om økonomisk støtte som skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i Volda Kommune i den tre årige prosjektfasen med Kr: 30 000,- pr år i 2018, 2019 og 2020 til saman kr. 90.000.

Tilsvarande søknader er sendt Hornindal-, Stryn- og Stranda kommune.


90' 3x30'

Sykkylven Kommune er sjølvsgat med i prosjektet med ei totalløyving på Kr: 830 000,-
Sykkylven Handelsforening er inne med totalt Kr: 300 000,-

Søknadane til hhv Møre og Romsdal Fylkeskommune, samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune er til behandling, og tilbakemeldingane så langt er positive.

For meir info, besøk oss gjerne på www.designvegen.no eller på facebookside med same namn.

Vi ser fram til å høyre frå Volda kommune så snart råd er.



Jarle Strømmegjerde

Dagleg leiar

Sykkylven Næringsutvikling AS

Sykkylvsvegen 125

6230 Sykkylven


Mob: +47 90836862

E-post: jarle@skaparglede.no

www.skaparglede.no

Orienteringssak Kommunestyret i Volda, 31.05.2018

Bygningsmiljø og estetisk rettleiar



Administrasjonen viser til PS 48/18 som var oppe i kommunestyret 26.04.2018. Dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» er nå revidert, og to punkt på side 29 i dokumentet er fjerna, jf. vedtak i kommunestyret. I tillegg er nokre mindre rettskrivingsfeil retta opp i dokumentet. Det oppdaterte dokumentet er merka med dato: «15.02.2018, rev. A».

Dokumentet er trykt opp, og vert delt ut til kommunestyret. Dei som ynskjer fleire eksemplar får høve til det. Dokumentet skal også delast ut til utbyggjarar, publikum og andre interesserte ved høve.

Dokumentet er tilgjengeleg på denne linken: <https://indd.adobe.com/view/b93d6f93-27da-49c8-bbef-e8dc04cc2113>